


BOKN BYGDABLAD

NR. 3 - APRIL 1995 - ÅRG. 10

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE



Fredag 24. og laurdag 25. mars fekk boknarane kosa seg med ein ca. to timar lang vittig og koseleg revy med små «hint» til både den eine og andre. Det tok til med song av heile aktørflokken på scenen som song «Kom te Bokn» - og jammen så fekk me sjå lysbilete på veggen attåt. Det slo an rette tonen for ein revy. Sidan gjekk det slag i slag med sketsjar, songar og mellomspel. Flott utført av amatørar.

Skulen som var vorte Oppvekstsenter fekk sitt. Teknisk etat fekk sannhetens ord om drikkevandet vårt. Krambuå var dei og innom og retta på eit og anna. Og dei som sat på vent i Korridoren på Boknatun for å koma inn til fysioterapeuten hadde føre seg det mesta av det som gjekk føre seg i bygdå. Etter pausen fekk me høyra korleis millionerane i Bokn har det. Og jammen kom det ein mimresong om «Gullhønå» og gamla tiå med lysbilete attåt - fint! Og Sommaridyll i Bokn var reine Mallorca-eventyret.

Sketsjen om ungarane i Bokn som det såg ut til var komne ut or hiet sitt og var på konejakt, dei hadde fleire gode alternativer. Me får berre håpa det lukkast. Listene til det nye kommunevalget vart nøye kommenterte og strokne etter tur. Siste songen vart og framført med alle aktørane på scenen: «Me vil ikkje giftast med Tysvær»- og alle i salen fekk vera med på koret.

Orkesteret spelte fint og godt, så det var til å høyra på for alle aldrar. Lyden var bra.

Takk til alle: Tekstskrivarar, aktørar, orkester og scenearbeidarar for dei koselege og humørfylte kveldane de gav oss.

Det var fullt hus kvar kveld. Me gledar oss til neste revy.

Helsing frå ein tilårskomen boknar.

NY HENDIG**INFORMASJONSTRYKKSÅK**

Ein ny liten informasjonstrykksak er utarbeidd for Bokn reiselivslag. I storleik er det berre eit A-4 ark på litt stivt papir som er bretta i 3 med trykk på begge sider. Utanom tekst og kart over Bokn er det eit skjema med opplysningar som kan vera interessante og nødvendige for turistar og andre reisande. Brosjyren blir lagt ut til utdeling .



NOMINASJONAR TIL KOMMUNEVALET I HAUST

Senterpartiet og arbeiderpartiet i Bokn har nominert

Det nærmar seg kommuneval, og både Senterpartiet og Arbeiderpartiet i Bokn har nominert. Bokn Krf. og Høyre er iogså snart klare med sine kandidatar.

Arbeiderpartiet:

1. Birger Lindanger
2. Ingjerd Thuestad
3. Arne Hosaas
4. Marie L. Faye
5. Sigmund Våge
6. Laila Nemeth
7. Trond Almås
8. Liv Birknes
9. Steeven Høyland
10. Elisabeth Gundersen
11. Robert Frøiland
12. Solveig Ørjansen
13. Fredrik Faye
14. Marit Markhus
15. Harry Bokneberg
16. Bjørg Alvestad
17. Geir Aksdal
18. Erna Aksdal
19. Helge Solberg

Senterpartiet:

1. Bernhard Våge
2. Sigrunn Hole Hosaas
3. Rune Vatnaland
4. Solrunn Alvestad
5. Trond Nedrebø
6. Marit Elin Våge
7. Johannes Nilssen
8. Bjarte Kro
9. May Jorunn Vatnaland
10. Daniel Thuestad
11. Inger Jøsang
12. Kleng Våga
13. Inger Sønnøve Bokneberg
14. Augustin Thuestad
15. Wenche L. Hvikbotn
16. Jan Are
17. Merete Alvestad
18. Alf Alvestad
19. Liv Vatnaland
20. Trygve Alvestad
21. Ragnhild Laupland
22. Solveig Våga
23. Gustav Solberg
24. Andreas Nemeth

SUNNALANDSSTRAUMEN

DEL 4

KURT HVEDING ER TIDLEGARE STATSLOS OG ER INTERESSERT I HISTORIE. I DIVERSE GAMLE ARKIV HAR HAN FUNNE INTERESSANTE HISTORISKE OPPLYSNINGAR OM HAMNEUTBYGGING I BOKN.

Dampskipet gikk i rute Stavanger-Kvitsøy-Skudeneshavn-Haugesund. (Det var antakelig gamle «Kvitsøy».) Det var også tale om eget post -og telegrafbygg i Sunnaland, noe Leegaard frarådet. At man ønsket dampskipet inn til kai er forståelig. Det var høykonjunktur for jordbruket, men varene måtte til byene for å bli solgt.

Senere på året kom man til at mindre motorkuttere var tatt i bruk i rutefart på småsteder. De trengte bare -3,5 m dybde i sundet. Kostnadene kom derved ned på kr. 447.000,- for Sunnalsstraumen. Leegaard anbefalte dette for havnedirektøren, som sa seg enig.

Distriktets fiskeriinspektør het Buvik. Til å begynne med var han positiv til havneplanene i Bokn og sammenstilte dem med Syre på Vest-Karmøy. Uenigheten blant boknarane synes å ha ergret ham. Den 12. august 1922 sendte han en betenkning til fiskeridirektøren ang. Sunnalsstraumen. Han sier at «så lenge det innenfor Bokns befolkning er så stor uenighet om rekkefølgen om hvor de påtenkte i og for sig meget attråverdige havneforbedringer bør foretas, får man ved siden av bestrebelsene for mer samdrøktighet derom, bare fortsette landeveisbyggingen, som folk tør sies i høi grad enig om, og det

således at der ikke alene legges gode veier mellom gårdene på Store-Bokns søndre del og de nærmeste havner, men at også gårdene Borgenvik, Breivik, Trosnavåg og Grønnestad på samme ø kommer i rimelig forbindelse med knutepunktet Føresvik - dette så meget mer som:

1. man efter vørsildfiskets gang de senere år likesom har på følelsen at der nu vil hengå en tidlang innen noget større vintersildfiske atter vil finne sted i Bokn, og
2. der omkring Høieste Bokns sydvestre del ennu står adskillig tilbake å utrette med landjorden, likesom
3. endelige havnearbeider i Bokn hverken før eller senere i nogen som helst grad vil kunne overflødiggjøre disse landeveier, snarere det omvendte.)»

Fiskeridirektøren skrev til Havnedirektøren den 23. august 1922 og sa seg enig i Bokn fiskeforenings prioritering. Han mente Sunnalsstraumen ikke hadde så stor betydning lenger da de fleste hadde motor. Det var av større betydning å skaffe fiskerne de nødvendige havner.

Fiskeridirektøren kunne derfor ikke anbefale utdypning av Sunnalsstraumen på bekostning av havneanleggene. Brevet fra Buvik ble lagt ved. Buviks uttalelser må ha Framh. s. 4

vært som å helle olje på ilden, både for fiskere og bønder. Det kan imidlertid være av interesse å se litt nærmere på fiskeriinspektørens uttalelser, kanskje han hadde litt rett? Jordbruket hadde gode kår under krigen og de første åra etterpå. Prisen på korn var 2-3 ganger høyere enn i 1913, melkeprisen ble tredoblet fra 1914-19. Staten garanterte for alle melkeleveranser. Smør ble solgt for kr. 15 - 20 pr. kg. til private, folk var lei av hvalfett. Staten oppfordret bøndene til å øke kornproduksjonen og betalte store nydyrkingsbidrag. Distriktsingeniør Leegaard skrev den 6. oktober 1922 til Havnedirektøren og ba om at Fiskeridirektørens brev ang. utdypning av Sunnlandsstraumen og Buviks uttalelser måtte bli sendt Bokn herredsstyre, Bokn, Skudesnes og Veavåg fiskeriforeninger og Rogaland fylkes fiskarlag. Han ville at disse skulle uttale seg om hvorvidt Sunnlandsstraumen hadde tapt så mye i betydning for sildefiskeriene etter at motoren var innført, at kanalen kanskje hadde mistet sin betydning. Han ville også vite om Bokn herredsstyre og Bokn fiskeriforening burde få uttale seg om hvorvidt Lauplandsvåg, Vågevåg og Kongshavnsund, eller bare ett av dem, burde komme til utførelse. Disse ønskene var tidligere fremmet overfor Leegaard i et brev fra Sigval Loten, hvor Loten gikk sterkt i rette med fiskeriinspektør Buvik og

harselerte overfor hans følelser vedr. framtidig våsildfiske ved Bokn. Loten tvilte på fiskeriinspektørens kunnskaper om fiske og mente at han kanskje satt inne med større kunnskaper som vei- og jordbruksingeniør.

Det ser ut til at Leegaard har vært meget lydhør overfor fiskerne i distriktet, det kom uttalelser fra samtlige forespurte foreninger. Også Bokn herredsstyre tok Sigval Loten på alvor.

Til slutt i brevet kom så Leegaard med sitt columbi egg. Han skriver at da Sunnlandsstraumen er et mudringsarbeide som kan tenkes å utføres utenfor tur, bør det sidestilles med et av de øvrige anlegg. Videre sier han «den uenighet som hersker blandt interesserte på Bokn, bør søkes fjernet, så spørsmålet om landsveier og oppdyrking på Bokn, som antagelig ikke har meget med havnespørsmålet å gjøre, ikke skal gjøre disse uklare.»

Dette var voksen manns tale og må ha blitt mottatt som manna fra himmelen.

Den 3. april 1923 behandlet Bokn herredsstyre på nytt havneanleggene. Igjen ble rekkefølgen endret og ble som følger:

1. Lauplandsvåg, mot 2 stemmer for Sunnlandsstraumen.
2. Vågevåg, mot 5 stemmer for Sunnlandsstraumen.
3. Sunnlandsstraumen, mot 1 stemme.
4. Kongshavnsund, enstemmig.

Framh. s.5

Et forslag på Kongshavn som nr. 2 fikk 2 stemmer. Ordfører var Julius Håland. (Kommunen hadde nå fått skrivemaskin).

Bokn fiskeriforening sendte i april 1923 (dato ukjent) et brev til Havnedirektøren hvor de ba om at Lauplandsvåg ble satt opp som nr. 1 ved siden av Sunnalslandsstraumen, Vågevåg som nr. 2 og Kongshavn som nr. 3, og at anleggene ble tatt så snart som mulig. (Det er grunn til å tro at dette møtet har vært holdt i slutten av mars og at herredstyret kjente til foreningens standpunkt på møtet den 3. april.)

Fiskeriforeningen var ikke enig i at Sunnalslandsstraumen hadde tapt sin


betydning p.g.a. motor i båtene, snarere det motsatte. De mente at Fiskeridirektøren hadde glemt været, sildlastede motorbåter kan ikke gå vestenom Loten i uvær. «Muligens de av fiskeriinspektør Buvik antydde landeveier da kunne tjene som ferdselsåre for de sildelastede motorbåter», heter det i brevet. Foreningen peker på at store lokale interesser knytter seg til Sunnalslandsstraumen, som vil bli av stor betydning for distriktet. Nå var det altså Bokn fiskeriforening som gikk inn for Sunnalslandsstraumen. Brevet er undertegnet av formannen, Erik Loten.

HJARTE/KAR-UNDERSØKING I BOKN

Oppfølging av forrige undersøkning

Det er berre få år sidan Bokn hadde ei større hjarte/kar-undersøkning for aldersgruppene mellom 15 - 75 år. I tidsrommet mellom 26. april og 4. mai i år vil det ennå ein gong bli ei liknande undersøkning. Det er Statens Helseundersøkelser i samarbeid med Fylkeslegen og kommunehelsetenesta som gjennomfører opplegget, men sjølve den praktiske gjennomføringa er det Statens Helseundersøkelser som står for. I år vil dei ha med seg ein stor buss som m.a. er innreia med fleire kontor. Denne bussen vil bli plassert rett utafor helseavdelinga ved Boknatun.

I Rogaland er det berre i Bokn og Utsira at så stor del av befolkninga



blir innkalla. Elles i fylket er det aldersgruppene frå 40 - 42 år. Det vil koma ei innkalling til dei som skal møta kor det står kva tid ein skal møta.

Ei tid etter undersøkninga vil det koma svar til den einskilde på resultatet av undersøkninga med kommentarer.

MINNEORD

Anna Sæbø er død, 68 år gamal. Foreldra hennar var Lina og Erik Ognøy. Dei var 5 søsken, og Anna var nest eldst.

I ungdomen arbeidde Anna i lengre tid ved Frue Meieri i Stavanger. Seinare arbeidde ho ein del ved hermetikkfabrikken i Føresvik ved sida av oppgåvene ho hadde i eigen heim.

Etter krigen vart ho gift med Leif Sæbø. Dei budde dei første åra i Alvestadkroken, men seinare bygde dei eige hus på Sæbø, og dette har sidan vore heimen deira.

Dei hadde 3 barn som alle har familie og bur i Bokn.

Anna var med i Bokn Sanitetsforening, og var varaformann der ei årrekkje. Dessutan var ho m.a. formann i sanitetsforeninga sin arbeidsforening i Kyrkjebygda. Ho var også med i sjømannsforeningen i Kyrkjebygda. Ho var ei kvinne som var god å samarbeida med, og ho var særst flink med hendene.

Anna vil bli sakna av mange.

Ektefelle, barn, barnebarn, oldebarn og søsken lever att.

UTDELING AV MIDLER

Som eit resultat av betre tider i SR-BANK, ønskjer SR-BANK Bokn å halda fram tradisjonen med å dele ut midler til lag og foreningar i Bokn.

I staden for å dela ut litt til alle, vil banken satsa på nokre få av søkjarane kvart år.

Vi vil gjerne favorisera lag som jubilerer eller skal ha arrangement eller tiltak som er spesielle dette året.

Banken ser slik støtte som ein del av vår lokale marknadsføring og vil også vurdera søknadane ut frå den marknadsføringsverdi dette kan ha for banken. Midlene er særleg tenkt retta mot barn og ungdom, og i søknaden er det greitt om ein opplyser kva midlene er tenkte brukt til.

Søknadsfrist er 20. april. Søknaden vert å senda til banken, og vi kan også bidra med ytterlegare informasjon vedr. søknaden.

Boknarane har i 1994 brukt lokalbanken meir enn nokon gong før, dette er vi glade for og det set oss også i stand til å gje eit enno betre tilbud til kundane våre.

Tenkjer du på banktenester eller har spørsmål vedr. økonomi er du hjerteleg velkommen innom.



Helsing

SR-BANK BOKN
4290 BOKN



CABARET PÅ BOKN!

Berre 5 dagar etter barneforestillingen "Rotta Otto" kjem cabaretgruppa DOZERNE til Bokn med cabareten *Helt på jordet*. Cabareten er for ungdom/vaksne.

Helt på jordet hadde nyleg premiere i Stavanger, og fekk glimrande kritikk i pressa:

Dozerne fyrer løs verbale upper-cuts som rammer selv de best beskyttede latternerver. (Stavanger Aftenblad)

Dozerne står i fare på å bli de harsellerer med - de er helter på scenen. (Rogalands Avis)

Helt på jordet handlar om heltar i alle variantar: superheltar, kvardagsheltar, antiheltar, tøffel-heltar, TV-heltar, osv. Foestillinga som varer i ca. 1 time og 45 min er spekka med musikk, sketsjar og "stand-up comedy" innslag!

Denne store kulturhendinga blir
MÅNDAG 24. APRIL KL. 19.30, og
staden er som vanleg på skulen.

Velkommen! Entrè kr. 60,-

Arr. Petra Fritidsklubb/Bokn kulturkontor

DOZERNE



Hans Petter Jørgensen: erfaring frå mange studentrevyar, tekstforfattar for bl.a. Stavanger revyteater og leder for "stand Up Comedy Club" i Stavanger.

Karsten Fullu: også erfaring frå mange studentrevyar, tekstforf. for bl.a. "Hallo i luken".

Marianne Holter: var med i fjorårets Jan Eggum-cabaret. Har vore med i div. stykker på Rogaland Teater og syng i forskj. band.

Arne Hovda: musikalsk ansvarleg i studentrevyar i mange år, samt Eggum-cabareten, vore med på Rogaland Teater, er også freelance-musikar.

DOZERNE har også egne radioprogram på P3. Dei er ansvarlege for MEEP MEEP-magasinet som går på laurdagar og sundagar.

- kulturleiaren -



BOKN KOMMUNE

KULTURKONTORET

4290 BOKN

TLF 52 74 85 00

FAX 52 74 86 77

"VARMENDE TONER"

FYLKESMUSIKARANE 15. MARS

Arrangement midt i veka med andre arr. som skjer samtidig er ikkje heilt enkelt, men dei som var på denne konserten fekk oppleva musikken pakka inn i ei ramme av pynta bord med ferske lappar, natronskaker og lefser.

Fylkesmusikarane hadde valgt eit svært variert repertoar, og publikum kjende nok fleire av songane og melodiane att. Den store "slageren" denne kvelden blei likevel Ketil Bjørnstads "Sommernatt ved fjorden" som fylkesmusikarane måtte framføra om igjen heilt til slutt etter oppfordring frå publikum.

Den uformelle ramma med den lengre matpausen og dei humoristiske ytringane frå fylkesmusikarane under presentasjonen av musikken gjorde sitt til at publikum og musikarar fekk ein nesten fullkommen kveld. For dessverre var det berre tonane og maten som varma dei som var tilstades i gymsalen. Den lave temperaturen gjorde at songaren måtte ha skjerf på seg og celloen stemmast fleire gonger under konserten. Enkelte frå publikum måtte også henta seg yttertøy utover kvelden.

Kulturkontoret vil retta ein stor takk til Solveig Ellingsen, Ingunn Våge, Linda Ognøy, Kjartan Jensen og Evy Katrin Dagsland for medverknad til planlegging og gjennomføring av konserten!

KULTURMIDLAR 1995

Personar, organisasjonar, foreningar, lag og institusjonar som driv eller vil starta kulturveksemd i kommunen kan etter søknad få stønad frå kulturstyret.

Dei som mottok midlar i fjor vil automatisk få søknadsskjema i posten i veke 15. Ev. andre søkjarar får søknadsskjema ved å ta kontakt med kulturkontoret.

Søknader som kjem inn etter fristen blir ikkje behandla.

SØKNADSFRIST:

FREDAG 12.MAI

- kulturleiaren -



BJØRN WARUD PRESENTERER



BARNEFORESTILLING

«ROTTA OTTO» - DEN GLADE GNAGER



ONSDAG 19. APRIL KL. 18.00 er det klart for eit nytt barneteater på skulen, og denne gong er det "Rotta Otto" - den glade gnager som kjem på besøk.

Otto bur i byen kor han er fødd. I denne byen er det mange kummar, og Otto bur i ein av desse kummane. Otto har to lidenskaper i livet: sova og eta.

Otto søv om dagen, for han likar ikkje dagslys, men når mørket kjem og byen fell til ro vaknar rotta til liv. På ei av sine vanlege nattevandringar får Otto seg litt av ein overraskelse. På ein dei faste spiseplassane dukkar det opp noko heilt spesielt. Kva dette er vil forestillinga om Otto fortelja deg.

Teateret inneheld masse humor krydra med små og store episodar frå kvardagen til Otto. Denne musikalske og morosame forestillinga som passar for barn frå 3 år og oppover, vil heilt sikkert gleda mange!

Velkommen!

Entrè kr. 30,-

Arr. Petra Fritidsklubb/Bokn kulturkontor

- kulturleiaren -



BOKN KOMMUNE
MUSIKKSKULEN
4290 BOKN
TLF 52 74 85 00
FAX 52 74 86 77

PÅMELDING TIL SKULEÅRET 95/96

MUSIKKSKULEN KAN TILBY :

- **ASPIRANT TIL SKULEKORPSET (MESSING)**
- **GITAR**
- **KEYBOARD**
- **ORGEL**
- **PIANO**
- **SOLOSONG**

KOMMENTARAR TIL AKTIVITETANE :

ASPIRANT TIL SKULEKORPSET (MESSING)

Det er her dei fleste lærer å spela korpsinstrument, og då går barna vanlegvis i 2. eller 3.klasse. Ein 2. klassing har ikkje problem med å fylgja lærarverket som blir brukt.

BARN I 4.KLASSE OG OPPOVER KAN SJØLVSAGT OGSÅ BLI ASPIRANTAR - SKULEKORPSET TRENG MEDLEMMER !

ASPIRANTEN BLIR FLYTTA OVER I HOVUDKORPSET NÅR TIDA ER MODEN FOR DET - VANLEGGVIS ETTER TO ÅR.

ASPIRANTUNDERVISNINGA ER GRATIS!

GITAR

DETTE ER FOR DEI SOM VIL LÆRA Å SPELA GITAR ANTEN ETTER NOTER ELLER BESIFRING. Det sistnevnte betyr at du akkompagnerer deg sjølv og andre ved hjelp av å lesa bokstav- og tal-symbol (akkordar). Me har i dag ei gitar-gruppe i aktivitet, men det kan også bli aktuelt med eineundervisning dersom ressursane strekk til.

Det er også mogleg å seinare spela elektrisk gitar.



BOKN KOMMUNE

MUSIKKSKULEN

4290 BOKN

TLF 52 74 85 00

FAX 52 74 86 77

KEYBOARD

Keyboard - ein synthesizer med både innebygde rytmar og høgtalarar - er blitt veldig populært å spela på, og fleire og fleire skaffar seg 80- og 90-åras heime-instrument.

Viss du har - og ynskjer det, får du undervisning på ditt eige instrument. Musikkskulen har også eit av dei beste keyboarda på markedet i dag som sjølvsagt blir brukt i undervisninga, og som du av og til kan låna med deg heim.

Du lærer m.a. å akkompagnera (kompa) deg sjølv og andre ved hjelp av AKKORDAR. Med bruk av RYTMAR og FORSKJELLIGE LYDAR får du - også som nybegynnar - kjensla av å styra eit heilt orkester.

Det heiter at "keyboardet fylgjer deg". Når tida er moden for det øver me inn SOLOSTYKKER dvs. der du gjer alt sjølv. Moderne keyboard kan det meste, og du får også undervisning i å GJERA OPPTAK - m.a. til PLAYBACK. Me driv også med IMPROVISASJON og KOMPONERING.

ORGEL

Musikkskulen gir her opplæring på både elektrisk orgel og kyrkjeorgel.

PIANO

Her blir det gitt opplæring på det klassiske pianoet.

SOLOSONG

Er du veldig glad i å syngja og har lyst til å syngja meir åleine saman med piano m.m., er dette tilbodet for deg. Her blir det jobba med å utvikla stemmen din.

VISS DU LURER PÅ KVEN SOM ER LÆRAR(ANE) PÅ DEI FORSKJELLIGE AKTIVITETANE KAN DU TA KONTAKT MED MUSIKKSKULEN.

Som tidlegare år må eg gjera merksam på ventelister, og det lønner seg å vera tidleg ute viss du vil sikra deg plass på noko.



BOKN KOMMUNE

MUSIKKSKULEN

4290 BOKN

TLF 52 74 85 00

FAX 52 74 86 77

Det er inga aldersgrense i musikkskulen. Ungar før skulealder kan altså begynna. Dersom du lurer på om tida er moden for aktivitets-start for ditt barn, skal me sjølvstøtt prøva å hjelpa deg med dette.

MUSIKKSKULEN HAR OGSÅ EIT GODT SAMARBEID MED FYLKESMUSIKARANE, OG DET KAN BLI AKTUELT Å SENDA ELEVAR SOM YNSKJER DET TIL HAUGESUND. PR. I DAG HAR ME 2 ELEVAR SOM HAR UNDERVISNING HOS FYLKESMUSIKARANE.

TA ELLERS KONTAKT MED MUSIKKSKULEN VISS DU HAR ANDRE SPØRSMÅL.

KVA KOSTAR DET ?


HALVÅRSSATSAR FOR ELEVBETALING

FRÅ 01.01.95

EINETIMAR	(30 min./veke)	KR. 800,-
INSTRUMENTALGRUPPER	(90 min./veke)	KR. 580,-
KOR, LEIKARRING, DRAMA M.V.	(90 min./veke)	KR. 440,-
ASPIRANTOPPLÆRING		KR. 440,-
INSTRUMENTLEIGE		KR. 200,-

DET ER 30 % SYSKENMODERASJON PÅ DEN RIMELEGASTE AKTIVITETEN.

FOR PÅMELDING, BRUK SKJEMAET PÅ NESTE SIDE, KLIPP UT OG SEND/LEVER TIL MUSIKKSKULEN.


Jardar Havikbotn
- rektor -

**BOKN KOMMUNE**

MUSIKKSKULEN

4290 BOKN

TLF 52 74 85 00

FAX 52 74 86 77

PÅMELDING TIL SKULEÅRET 95/96

Viss fleire i fam.
ynskjer plass, set
kryss i den
aktuelle ruta bak
aktiviteten.

NAMN: 1. _____
2. _____
3. _____

AKTIVITET	1.	2.	3.
ASPIRANT TIL SKULEKORPSET (MESSING)			
GITAR			
KEYBOARD			
ORGEL			
PIANO			
SOLOSONG			

SØKNADSRIST: FREDAG 28. APRIL

BOKN SANITETSFORENING HAR 219 MEDLEMER

Dette står å lesa i årsmeldinga som vart framlagd på sanitetsforeninga sitt årsmøte den 10. mars. På årsmøtet var det elles vanlege årsmøtesaker med val, og demonstrasjon av blomar ved Drivhuset.

Årsmeldinga fortel elles om ei driftig forening. I 1994 har dei gitt pengegåver til revmatismesaka, til kreftsaka, til kampen mot psykiske lidingar, kampen mot narkotika, Helga Sembs fond, Ingeborg Dehli Hjemtlf., eldreomsorg og benskjørhet.

Sanitetsforeninga i Bokn har også i 1994 delt ut sykkelhjelm til elevane i 4. klasse. Alle nyfødde boknarar har fått ein bleiepakke kvar (3 bleier). Dei innkjøpte barnebilsetene har vore flittig i bruk, og derfor er nye innkjøpte i 1995. Termometer er innkjøpt til sjukestova.

Saniteten har elles ved torsdagstreff hatt besøk av firma Stenvåg Jensen A/S som har selt klær på Allrommet. Dei kjem også i år. Torsdagstreffet held framleis til på Allrommetkvar torsdag med god oppslutning av alle aldersgrupper. Det er ein fin treffstad for sosialt samver, kaffi og vafler for dei som vil slå av ein drøs.

Alle i kommunen over 80 år, og dei som bur på sjukestova fekk i fjor ei julestjerne til jul av Saniteten. Elles hadde dei tur for eldre til Skånevik,

med god deltaking. Adventsfesten for eldre hadde Saniteten den 13. desember. Presten hadde andakt, og musikkskulen og skulekorpset var med på underhaldninga, m.a. Luciaoppvising. Basaren i 1994 ga godt resultat. Midlane står på konto og er øyremerkta til inventar ved sjukestova. Også basarinntektene i år skal gå til dette føremålet. Elles er det selt maiblomar og fastelavensris. I oktober hadde foreninga fellesforening med besøk av Stegabergh sanitetsforening. Garnkroa på Aksdal synte fram og selde handarbeid. Formannen var på kretsmøte i Haugesund. Styret takkar alle for godt utført arbeid i arbeidsforeningane.

I 1994 har styret vore samansett slik:

Formann: Inger Sønnøve Bokneberg,
nestformann: Reidun Grønnestad,
Styremedlemer: Torunn Hognaland,
Elly Borgenvik (kasserar), Ingrid Ovidth, Eli Kro, Ellen Nedrebø.
Revisor: Bertha Våge.
Varamenn: Astrid Jøsang, Oliva Håland, Solveig Kro.

Styret i 1995 er identisk med 1994 med desse endringane: Astrid Jøsang gjekk ut som varamann og vart ny i styret. Torunn Hognaland gjekk ut. Inger Jøsang er ny varamann.



BOKN KOMMUNE

KULTURKONTORET

4290 BOKN

TLF 52 74 85 00

FAX 52 74 86 77

UNGDOMMENS KUTURMØNSTRING

FYLKESMØNSTRINGA

18. og 19. mars var det i år som i fjor fylkesmønstring i Tysværtunet. Det var 14 stk. utanom leiaren som reiste, og det har kome ulike tilbake-meldingar om mønstringa.

Innslaga frå Bokn var på laurdagskvelden, og gjengen gjorde ein flott innsats. Ja, enkelte var veldig godt nøgde med opptrinnet og sa det var det beste dei hadde prestert på scenen. Andre fekk dessverre tilrop frå salen - noko som kanskje tyda på at deler av publikum ikkje forstod innslaget. Uansett gjekk dette ut over konsentrasjonen, og den uheldige gjengen var sjølvsagt svært skuffa.

Heller ikkje i år blei nokon av Bokn-innslaga sendt vidare til landsmønstringa, men det er håp om deltaking på turnèen til våren.

Videoen "Bokn, kor e du?" blei ved ein feil ikkje vist offentleg. Det var sannsynlegvis juryen som hadde spolt kassetten feil tilbake etter at dei hadde sett han.

Årets fylkesmønstring "krasja" med arrangement her heime, og fleire av deltakarane måtte tidleg heim for å ta del i desse. Det var likevel 5 stk. som overnatta i Tysvær, og dei storkoste seg med m.a. diskotek på laurdagskvelden.

Ein stor takk til Ingebjørg Larsen for at ho var med som leiar!

UKM er nok kome for å bli. Derfor: vil du gjera det betre neste år, så er det berre å byrja.....

- kulturleiaren -


FOTBALLEN RULLAR ATT

Bokn's småguttelag med 11 spelarar innleia sesongen på REMA-1000 cup i Haugesund sist helg. Oppstarten var god med pokal for vunne B-finale i si pulje og 3.plass.

Resultat REMA-1000 CUP Pulje 10 Smågutt 7 MIX

Lagnr.	Navn	spilt	V	U	T	score	diff	poeng
0038	Falkeid	4	3	1	0	25-6	19	10
0041	Nedstrand	4	2	2	0	27-6	21	8
0069	Bokn	4	2	1	1	13-11	2	7
0040	Torvastad	4	1	0	3	19-12	7	3
0039	Kolnes	4	0	0	4	2-51	-49	0

VELKOMMEN TIL BIBLIOTEKET



Opningstider

Tirsdag 10.00 - 13.30

Onsdag 16.00 - 19.00

Torsdag 10.00 - 13.30

Biblioteket saknar ein del
bøker og tidsskrifter som
lånetida er gått ut på.
Ver vennleg å sjå etter heime
om du har noko som skulle
vore levert.

Lånetida på bøker er 4 veker,
for tidsskrifter 1 veke.

LESETIPS

VAKSNE

Hjort, Vigdis:

Død sheriff

Larsen, Dag:

Lykkens prøve

Siddons, Anne Rivers:

Den hete sommeren

BARN/UNGDOM

Nilsson, Per:

Hjertets fryd

Osland, Erna:

Ringar i blod

Riis, Annie:

Pluss og minus buss

Tusvik, Marit:

Kvalross i bikini

SVERRE ØVREBØ HELD FRAM SOM LEIAR I KRF

Fylkespolitikar Gerd Reidun Helmikstøl var talar då Bokn Kr.F. hadde årsmøte den 10. februar. Ho kom m.a. inn på valden som er i samfunnet i dag. Ho sa også at vi må bruy oss om kvarandre, og kva som skjer i politikk og samfunn. Bokn Kr.F. var i året som gjekk aktivt med i kampen mot EU. Styret var og tidleg ute med standpunkt mot etablering av gasskraftverk på Kårstø. I formannskapet har Bokn Kr.F. gått inn for at det blir utbygd mindre bustadfelt i utkantstrøk, slik at busetningane i desse delane av Bokn

vert oppretthaldne. Sverre Øvrebø vart attvald som leiar. Dei andre som var på val vart og attvalde. Styret er samansett slik:

Leiar: Sverre Øvrebø, nestleiar: Sigurd Johnny Svendsen, kasserar: Gunvor Øvrebø, studieleiar: Harry Vågshaug, sekretær: Ingrid Blikshavn. Varamedlemer: Eva Brunborg Svendsen og Sigmund Alvestad. Utsendingar til fylkesårsmøtet på Helleland: Eva og Sigurd Johnny Svendsen.



BOKN KOMMUNE
4290 BOKN

***-LEDIG VIKARIAT VED PLEIE- OG
OMSORGSTENESTA
-FERIEVIKARIAT SOMMAREN 1995***

Det er ledig 50% stilling som vikar ved omsorgsarbeidar i tidsrommet 16.06.95 - 26.05.96.

Arbeidet er lagt i turnus, med pleie/omsorgsoppgåver ved sjukestova og i heimane i tillegg til heimehjelpsopdrag. Vakt kvar 3. helg.

Tilsetjing på vanlege kommunale vilkår.

I tillegg er det behov for ferievikarar i tidsrommet 22.mai - 27.august -95. Oppgi i søknaden kva tidsrom du kan arbeida.

Opplysningar om vikariat for omsorgsarbeidar og ferievikariat kan du få ved å kontakta Gunn eller Laila på tlf. 52 74 85 00.

Søknad med attestar/vitnemål vert å senda Bokn kommune, Tilsetjingsutvalet, 4290 Bokn, innan 15.04.95.

Rådmannen

DYKKARAR I BOKN

Bokn kommune utarbeider nå ein helseberedskapsplan. Denne er tenkt nytta ved ulukker og katastrofer som kan inntreffa. I samband med planen etterlyser ein personar med dykkarsertifikat som er busette i kommunen. Dykkarar som melder seg vert oppførde i helseberedskapsplanen, og vert kontakta ved aktuelle ulukker. Innsatsen er på frivillig basis. Helsetenesta må ha kopi av dykkarsertifikat. Spørsmål kan rettast til Bokn sjukestove v/Laila Nemeth eller Gunn Grønnestad i tlf. 52 74 85 00.

Interesserte melder seg skriftleg til Bokn kommune.



BOKN KOMMUNE
4290 BOKN

BOKN KOMMUNE

*Tilskot for reduksjon av bu-
utgifter for alders- / uføre-
og etterlattepensjonistar.*

Alders-, uføre- og etterlattepensjonistar med ei bruttoinntekt inntil 30% over minstepensjon og med buutgifter som overstig 15% av inntekta, kan for 1995 søkja om butilskot. Tilskotet er statsmidlar som helse- og sosialetaten får til disposisjon.

Inntekter må dokumenterast. Utgifter må dokumenterast så langt som muleg.

Søknadsskjema skal vera utfylt så nøye som muleg, og skal underskrivast.

Søkjarar som fekk tilskot i fjor vil få tilsendt søknadsskjema.

Andre kan få nærare opplysningar, søknadsskjema og hjelp til utfylling ved å venda seg til sosialkontoret.

Søknadsfrist: 15. mai 1995

Helse- og sosialsjefen

SJÅ HER!

Tre ytterplagg heng att på skulen etter dans/arr. i vinter:

*Brun/beige damejakke

Merket er CIAO - dans januar.

*Koksgrå fleeze jakke

Merket er Sportiqe

*Svart damedressjakke

Merket er Brandtex - dans mars.

Plagga kan ein få att ved å venda seg til Bokn skule - tlf 52 74 85 00.

BOKN RØDE KORS

Mannekengoppvisning og basar på Bokn skule lørdag 22.04. kl.13.00.

Desse kjem:

«Stor Mote» - «Herrmann» - «Aksdal
Tekstil» - «Haaland Sko».

Alle er hjertelig velkomne.

Vil den som lånte bring-klut (bryst-duk) til barnebunad (Hardanger) for noen år siden være snill å levere den tilbake.

Marit Øvrebø

Blandingshvalper gis bort. Er vant med barn. Tlf. 52 74 86 50

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune,

4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00

fax 52 74 86 90

Postgirokonto 0806 5 68 45 01

Bankgirokonto 3373 07 00305

BYGDABLADNEMND:

Ingunn Våge, Arvid K. Jøsang,

Liv Vatnaland

REDAKTØR: Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn

Utanbygds: kr. 100,- pr. år

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 400,-

Halv side: kr. 150,-

¼ side: kr. 75,- 1/8 side: kr. 50,-

Små privatannonsar: KR. 10,-

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd. 10 nr. årleg.

ARRANGEMENT:

- 03.04: Hagelagsmøte på Allrommet
kl.19. Johan Aurlaune:
«Vårarbeid i hagen».
Utlodn. - kaffi - velkomen!
- 05.04: BINGO - Skulekorpset
- 07.04: Årsmøte i Bokn Handelslag
- 08.04: Dans/show - Synth å le
- 09.04: Møte Bokn b.hus-Santalmisj.
- 13.04: Frelsesarmeen - møte Bokn
Bedehus
- 13.04: Skjærtorsdagsdiskotek på
Diskoteket
- 19.04: Barneteater kl.18. Sjå omtale.
- 22.04: Bokn Røde Kors har basar.
Sjå omtale
- 23.04: Turmarsj «Vårspretten» Sjå
oppsette plakatar. BIL
- 24.04: Cabaret: «Helt på jordet»
Sjå omtale
- 29.04: Elevkonsert kl.14 - Bokn sk.

Vil minne om fastebørseinnsamlinga i
tida frå den 6. - 11.04.
J.A.

BOKN FOLKEBIBLIOTEK
Tysdag den 11.04. og onsdag den
12.04 er biblioteket stengt.



Skjærtorsdag kl. 11: Gudsteneste v/
Arne Aurdal. Konfirmantane deltek.
Offer til «Brød for verda».

1.Påskedag kl. 15: Gudsteneste v/
Arne Aurdal. Offer til Misjon i Øst.

FOTPLEIE
Onsdag den 5.april.
Påmelding til sosialkontoret i
tlf. 52 74 85 00

LENSMANN
Første fredag i kvar mnd.
kl. 10 - 12 i Boknatun

LANDBRUKSKONTORET
Kvar fredag kontordag i Boknatun